

## Utvidelse av Ustekveikja Kraftverk, auka regulering for Tungavatnet

### Høyringsuttale til konsekvensutredningsprogram

Dokumentet er innspel til tema som bør inkluderast i konsekvensutredning for prosjektet.

Etter mi vurdering er det mest spesielle i dette prosjektet påvirkning på turisttrafikken langs Rallarvegen frå Haugastøl til vest for Tungavatnet, ein strekning på ca 12 km.

Dersom det er tenkt massetransport frå Bergsmulstølen (nedom Bergsmulen) til anleggsområdet eller det skal transporterast betong langs Rallarvegen frå Haugastøl så bør dette utredast spesielt. Mest i høve til trafiksikkerheit på dei 12 km med sykkelveg, men også hytteiegarar og turistar elles sin bruk av Rallarvegen og området rundt.

Oppsummert er mine forslag til kva som bør utredast:

#### 1. Utrede å unngå massetransport eller betongtransport langs Rallarvegen frå Haugastøl eller Bergsmulstølen til anleggsområdet aust i Tungavatnet.

I praksis er dette greitt å få til ved ta ut og knuse dei steinmassane som trengs i fyllingsdammen inne i sjølve magasinområdet. Betingproduksjon kan også gjerast innom dammen i magasinet. Dette vart gjort når NSB bygde tunell gjennom Gråskallen i 1999 (eit nokre hundre meter frå Tungavatnet).

Rallarvegen er i bruk frå tidleg mai til slutten av oktober. Det er svært stor bruk av gåande og syklistar i periode juli-september. Vegen er smal og ikkje bygd for store bilar og tung trafikk. Vegen kan sjølvstøtt forsterkast men som kulturminne blir då vegen øydelagt

**Konkret forslag: Det bør utførast sykkeltelling sommaren 2017 slik at det kan dokumenterast kor mange tusen syklistar som brukar vegen i perioda juli-okt.**

Biltrafikken er ikkje stor på Rallarvegen i dag. Vegen er smal og det er ikkje lov til å køyre med bubil eller campingvogn innover frå Haugastøl. Sjølv med personbil må ein oftast stoppe når ein møter syklistar.

Bileta under er teke mellom Tungevatnet (3-4 km aust for dammen v Tungevatnet, dvs krysset ned til Ustekveikja Kraftverk) og inn til Grytå 1 km aust for Tungavatnet.

Kjell Gurigard, Torvald Lindsv 8, 2614 Lillehammer. Tlf: 90520861 – epost: [kiell@gurigard.com](mailto:kiell@gurigard.com)



Bilete over: Mot Gråskallen, eit par km aust for Tungavatnet



Bilete over: Rallarvegen mot vest



Bilete over: Rallarvegen sett mot Nyset, ein km aust for Tungevatnet


Kjell Gurigard, Torvald Lindsv 8, 2614 Lillehammer. Tlf: 90520861 – epost: [kiell@gurigard.com](mailto:kiell@gurigard.com)

Bileta over dokumentere kvifor ein bør utrede å unngå massetransport og betongtransport langs rallarvegen

## 2. Utrede alternativ med å unngå å bruke Rallarvegen til transport av maskiner og personell.

Bakgrunnen er som punkt 1 over.

Dette kan foregå på enkel måte ved bruk av jernbanen til begge delar. Rett aust for austre ebdeb av Gråskall-tunellen er det eit rettstrekk som NSB sjølv brukar til å køyre av maskiner og utstyr, seinast hausten 2016 når det vart gjort utbetringsarbeid lang jernbanesporet.



Kartutsnitt over er aust for Tungavatnet. Blå strek er gamal jernbaetrase som kan brukast til maskin-/personelltransport. Då vil ikkje syklistar og gåande kome i konflikt med transport til og frå området



- a. Sjå moglegheit for å laste av og på maskiner frå jernbane på Gråskallsletta

Punktet er på høgre enden av blå linje over. Og så bruke gamle jernbanetraseen til transportveg fram til Tungavatnet. Den ligg klar i dag. Då kan syklistar og gåande bruke den gamle Rallarvegtraseen nord for ny jernbanetrase`. Då blir det ingen kryssing av syklistar/gåande og anleggstrafikk mellom Haugastøl og Tungavatnet

- b. Vurdere å bruke tog for frakt av personell til anlegget på same måten som for maskiner, samt pålegg å overnatte i brakker i anleggsområdet

Frå avlastning ved jernbanen er det berre eit par hundre meter fram til damområdet

Erfaring frå anleggsperiode for Gråskall-tunellen i 1998-99 var at det var svært mykje rask køyring av anleggspersonell inn og ut til Haugastøl med mange farlege situasjonar. Alternativet er også lett å få til med tog inn om morgonen og ut om kvelden, evt fleire ved fleire skift.

### 3. Vurdere å lage terskel i Skiljebekktjødne

Skiljebekktjødne er eit mykje brukt fiskevatn med fall ut i Tungavatnet. For å unngå å få leire og brevatn inn i denne tjødne bør det utredast å lage ein terskel ved ny veg, som er litt høgare enn HRV i Tungavatnet, slik at vatnet aldri går frå Tungavatnet og inn i Skiljebekktjødne. Då kan denne tjødne fortsatt vere eit fint fiskevatn, samstundes som ein unngår reguleringssoner i vatnet som ligg eit steinkast unna Hallingskarvet nasjonalpark



Bilete over er Tungavatnet til høgre og Skiljebekktjødne til venstre

### Oppsummert

Eg foresler at konsekvensutredninga inkluderer punkta som er foreslått over.

Nyset 220117

Kjell Gurigard/sign